



Årsplan for Liene barnehage

2021-2022

Innhald

<i>Presentasjon av barnehagen.....</i>	2
<i>Å byrje i barnehagen</i>	2
<i>Samarbeid mellom barnehagen og heimane</i>	3
Innspel frå føresette til barnehagen	3
Innspel frå barnehagen til føresette	4
<i>Glimt frå kvardagen</i>	4
<i>Satsingsområde – Sør-Frons diamanten</i>	5
Korleis skal dei vaksne i Liene få til dette?	6
<i>Pedagogisk grunnsyn</i>	7
<i>Leik og medverknad</i>	8
<i>Barna sine kommentarer til barnehagekvardagen</i>	8
<i>Fagområda i rammeplanen.....</i>	9
<i>Progresjon og dokumentasjon</i>	9
<i>Overgang mellom avdelingar.....</i>	10
<i>Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule.....</i>	10
<i>Lov og rammeverk.....</i>	11
<i>Årshjul/viktige datoar</i>	12
<i>Telefonnummer</i>	13



Presentasjon av barnehagen

Liene barnehage er ein barnehage med fem avdelinger; Kroken, Toppen, Svingen, Plassen og Snippen. På Kroken skal det dette året vere barn fødd i 2016, på Toppen er det barn fødd i 2017 og 2018, på Svingen er det barn fødd i 2018 og 2019 og på Plassen og Snippen er det barn fødd i 2019 og 2020.

Barnehagen har opningstid frå kl. 06.45 til kl. 16.30, og kjernetid frå 09.00 til 14.00. Kjernetid er den tida barnehagen brukar til organiserte aktivitetar, og den tida vi ønskjer at alle barna skal vere i barnehagen. Om barna har fri eller er sjuke ber vi om at føresette ringer eller sendar melding i Visma. Vi ønskjer også at føresette legg fråvær inn sjølv i Visma. Kvar avdeling har frukost frå kl. 08.00/08.15. Vi ønskjer at alle som skal ete frukost i barnehagen er her til 08.15.

Satsningsområde – Sør-Frondiamanten. Dette kan de lese meir om på side 5.

Liene barnehage skal vere ein trafikksikker barnehage. De kan lese meir om dette i eige heftet om trafikksikkerheit.

Å byrje i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet som begynner i barnehagen får ein god start.

For at oppstarten skal bli best mogleg skal:

- alle få ein start tilpassa sine behov. Dette gjer vi saman med foreldre. Barnehagen skal vere fleksible og samarbeide med foreldra om kva som er best for barnet.
- barnehagen ha oppstartssamtale med pedagogisk leiar før barnet byrjar i barnehagen. Barnehagepersonalet skal bidra til å skape ein god dialog med foreldra slik at vi blir kjende med barnet og deira behov.
- barnehagen tilpasse rutiner slik at barnet får tid til å bli kjend og knytte realasjonar til både vaksne og andre barn.
- barnehagen ha tett oppfølging slik at barnet føler tryggleik og tilhøyrslle.
- barnet og foreldra få moglegheit til å besøkje barnehagen i løpet av sommaren, etter avtale med personalet.



Samarbeid mellom barnehagen og heimane


Barnehagen er avhengig av eit godt samarbeid med foreldra for å gjere barnehagekvarldagen for barna best mogleg.

Eit godt samarbeid mellom barnehagen og føresette er i seg sjølv eit viktig grunnlag for eit inkluderande barnehagemiljø. Vi har obligatoriske foreldresamtaler kvar haust og vår. I tillegg har vi oppstartssamtale for nye barn og overgangssamtale med føresette til skulestartere.

FAU er ein svært viktig samarbeidspartner. Alle føresette kan kome med innspel til FAU, slik at saker kan tas opp og vidareformidlast til barnehagen.

Innspel frå føresette til barnehagen

I figuren ser de innspel frå føresette som har kome på foreldresamtaler og på oppstartssamtaler med nye foreldre våren 2021. Det kom fleire innspel og dei er samanfatta i sirkelen. Vi set stor pris på alle tilbakemeldinger som kjem. Dette gjer det lettare for oss å vite kva vi må endre på, kva vi må prioritere og kva vi må informere meir om.



Innspel frå barnehagen til føresette


- Gi beskjed til personalet i barnehagen viss det skjer noko utanom det vanlege i barnet sin kvardag. Det kan vere viktig for å forstå kvifor barnet reagerer/oppfører seg som det gjer.
- Tilsette og føresette er bevisst på korleis dei pratar og kva dei pratar om når barnet er tilstade.
- Foreldre framsnakkar barnehagen, alle tilsette og alle barna som går der.
- Gje tilbakemelding til personalet i barnehagen om ting som er bra og ting vi kan bli betre på.
- Set tydelege og fornuftige grenser for barnet. Barn treng grenser for å kjenne seg trygge.
- Delta på foreldremøter, foreldresamtaler og andre arrangement i barnehagen.
- Les informasjon frå barnehagen og overhald frister.

Glimt frå kvardagen



Satsingsområde – Sør-Fronsdiamenten

SØR-FRONSDIAMANTEN



Når vi planlegg og gjennomfører pedagogisk opplegg i barnehagen skal Sør-Fronsdiamenten vere grunnlaget for arbeidet, saman med vårt pedagogiske grunnsyn. Grunnsynet og diamanten vil også vere utgangspunkt for korleis vi arbeider med inkludering og livsmestring i barnehagen. Alle tilsette i barnehagen skal jobbe etter verdiane som ligg i diamanten og i vårt pedagogiske grunnsyn. Gode vaksne som er bevisst sitt ansvar skal vere grunnlaget og hoyværdialet for verksemda. Sør-Fronsdiamenten er felles for heile oppvekst og skal gå som ein raud tråd gjennom barnehage, barneskule og ungdomsskule.



Overordna mål for oppvekst er at alle skal få ut sitt potensiale. Vi skal ha barn som medverker, er motiverte og som ser moglegheiter. Vi vil ha barn som har heimstadstolheit og har trua på ein framtid i Sør-Fron. Noka av det viktigaste barnehagen skal jobbe med er og utruste barn med sosial kompetanse og personlege eigenskaper som kan hjelpe dei med eiga livsmeistring i kvardagen og i framtida.

Korleis skal dei vaksne i Liene få til dette?

- Vi vil jobbe for å ha gode relasjonar til alle barn og føresette i barnehagen.
- Alle skal sjå kva barna er opptekne av og vere deltagande med barna.
- Vi skal støtte barna med å bygge positive relasjonar til kvarandre.
- Vi skal støtte barna med å sette ord på kjensler og bekrefte at det er lov å vere lei seg.
- Vi vil vere engasjerte vaksne som tek seg tid til å sette seg ned på høgde med barna. Vi vil prate med barna og ikkje til dei.
- Ha gode og positive samtaler med barna, vere interessert og lyttande i alle situasjonar.
- Alle må skape tillit, vise omsorg, kjærleik og varme.
- Alle må vere pålogga, motvitert og aktiv.
- Vi må ha fokus på barna sine sterke sider og gode kvalitetar.
- Vi skal framsnakke alle barn, føresette og tilsette.
- Vi må vere bevisste på kroppsspråk og stemmebruk.


Begreper/setningar vi ønskjer å bruke:

- «Bli med oss å leike».
- «Nå såg eg at du hjelpa, trøysta, venta på tur, det var fint gjort av deg»
- «Så fint at du/de spurte om Kari ville bli med å leike».
- «Bra at de kan vere fleire i leiken»
- «Bilen er opptatt Kari for Ola bruker den, du kan vente til den er ledig. Kan du Kari seie i frå til Ola når bilen er ledig?»
- Positive/rosande ord ved positive handlingar: «dette greide du», «så bra at du sa det», «så fint at du hjelper», «så fint at de samarbeider».
- Alle vaksne seier: «så fint at du...», «nå vil eg at du skal...», «så bra at du...», «dette var ein god måte...».
- «Så koseleg å sjå deg» og «det var fint at du kom».
- Vi bruker «barnehagevenn» i staden for «bestevenn». Vi meiner det er eit ord som betre skaper inkudering.



Pedagogisk grunnsyn

Omgrepa omsorg, leik, læring og danning heng tett saman og er grunnverdiar i norsk barnehagetradisjon. Danning kan vere eit vanskeleg omgrep, men det handlar om å lære å tenkje kritisk, yte motstand, bidra til endring og delta i eit fellesskap. Det handlar også om å utvikla evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Alle tilsette skal ha ei felles forståing når det gjeld korleis det pedagogiske grunnsynet skal kome til uttrykk i praksis.



Leik og medverknad

FN sine barnerettar handlar blant anna om barn sin rett til leik. Leik er den viktigaste uttrykksforma barn har. Det er derfor ein stor del av vår jobb som tilsette i barnehagen. Vi skal skape gode fysiske rom for leik og vite når vi skal delta og når vi skal observere aktivt. Vi skal gje barna felles erfaringer og jobbe for eit inkluderande miljø der alle barn får moglegheit til å delta i leik.

For barna er det å få leike heilt grunnleggjande for deira oppleving av at livet er godt. Når leiken glir godt, summar det av trivsel i barnehagen. Det betyr ikkje at barn som leiker nødvendigvis smiler og ler heile dagen. Når det leikes er det heller ein atmosfære av konsentrasjon, og vi ser at barna er oppslukt av det dei gjer. Dei er intenst til stades mens dei utforsker, skaper, forhandler og later som. Leik er ikkje sött og harmlaust for eit barn. Leik er livsnødvendig alvor. Barn leiker nokre gonger for å få pause frå dei harde realitetar, andre gonger for å kjenne på dei, mjuke dei opp, handtere og forstå dei. Barnehagen har plikt til å opplyse om at foreldre og andre som har ansvar for å gje barn gode oppvekstvilkår må kjenne til samanhengen mellom psykisk helse og leik.

Ein sentral del av barnehagen sitt verdigrunnlag, hjertet i diamanten, er at alle barn skal få vere seg sjølv. I leiken vil barna stadig tre ut av seg sjølv og inn i andre roller. På denne måten får barn moglegheit til å eksperimentere med å vere ein annan enn seg sjølv. Medverknad handlar om at barna skal få uttrykkje seg, oppleve at dei blir teke på alvor og at dei har ein betydning for felleskapet. Barna skal bli teke med på planlegging og vurdering av innhaldet i barnehagen. Deltakinga må tilpassast alder og føresetnader slik at også dei yngste barna får reell moglegheit for medverknad. Gjennom å medverke i eigen kvardag får barnet med seg ein kompetanse som dei får nytte av resten av livet. Ein kompetanse som rustar dei til samarbeid og ein ivaretaking av eigne behov. Derfor er det viktig å hугse at medverknad er noko heilt anna enn å bestemme og la barna gjera som dei vil.

Pedagogisk leiar har ansvar for å drive arbeidet med leik og medverknad saman med styrar i tråd med fastsette mål og lovverk.

Barna sine kommentarer til barnehagekvelden



Fagområda i rammeplanen

Barnehagar i Noreg skal jobbe med sju fagområder. Fagområda er beskrive i rammeplanen som er forskrift til barnehagelova. Fagområda skal sjåast i samanheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Rammeplanen seier at fagområda har mye av det same innhaldet barna seinare møter som fag i skulen. Korleis barnehagen arbeider med fagområda i kvar dagen skal vere synleg i månadsplanar og dokumentasjon. Fagområda er:



Progresjon og dokumentasjon

Pedagogisk leiar skal i samarbeid med fagarbeidere og barnehagemedarbeidere sørge for progresjon ved å introdusere nye perspektiv og tilrettelege for nye opplevinger og erfaringer for barna. Barn må få moglegheit til å utvikle seg, lære og oppleve variasjon.

Frå Rammeplanen s 44: Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, material og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar tilpassa sine erfaringer, interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Barnehagen skal dokumentere verksemda på ulike måtar. Dei vanlegaste måtane å dokumentere på er gjennom tekst og bilete, men her er det berre fantasien som set grenser. Dokumentasjonen bør dreie seg mindre om enkeltbarn og meir om barn saman og kva dei er opptekne av. Kvar er barna sitt fokus? Kva er vi saman om? Dette handlar også om inkludering. Dokumentasjon kan vere utgangspunkt for refleksjon og evaluering blant personalet. Den kan synleggjere for føresette korleis vi jobbar i barnehagen og den kan vere utgangspunkt for samtale mellom barn og mellom barn og vaksne. For å ivareta barn sin medverknad bør dokumentasjonane synleggjere barn sin tenking.



Overgang mellom avdelingar

Det er viktig å legge til rette for gode overganger mellom avdelingane. Sjølv om barnet er kjend i barnehagen kan det kjennes spennande og kanskje utfordrande for eit barn å bytte avdeling. Derfor er det nokre punkt vi er opptekne av å ta omsyn til:

- Barna er på jevnleg besøk på ny avdeling før overgang, saman med ein kjend voksen.
- Dei vaksne må bruke tid på å bli kjend med barna dei skal ha på si avdeling.
- Personalet må gjere seg kjende med nye føresette.
- Jevnleg samarbeid gjennom året slik at barna veit kven alle vaksne og barn er. Eksempel på slik samarbeid kan vere leikegrupper, fellessamling, fellestur osv.

Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule

Barnehage og skule er institusjonar for omsorg, leik og læring, men med ulik eigenart. Vi har eit felles ansvar for at barn kan møte ulikskapane mellom institusjonane med nysgjerrigheit.

Det siste året i barnehagen har vi faddersamarbeid med 5.klasse. 5.klassingane skal bidra til at barna blir kjende med skulen og at alle kjenner nokon på skulen når dei byrjar der. Det vil bli arrangert fleire treff mellom barnehagebarna og 5.klassingane med ulike aktivitetar både i barnehagen og på Midtbygda skule. Føresette vil få meir informasjon om innhald og datoar for samarbeidet. På våren 2022 skriv vi overgangsskjema i samarbeid med føresette og barna. Barna kan få samtale med pedagogisk leiar der dei kan dele tankane sine rundt skulestarten. I år har vi 14 barn som skal starte på skulen, dei går på avdeling Kroken.

Vi ønskjer at barna skal få ein best mogleg overgang frå barnehagen til skulen. Vi har som mål at barna skal vere nysgjerrige og positive til skulen, og ha tru på seg sjølve. Vi jobbar jamt heile året for ein god overgang, og noko av det vi gjer er:

- Førskulegruppe der ein jobbar med ulike tema og aktiviteter. Det blir fokus på sjølvstende, språk og sosial kompetanse.
- Vanntilvenning på Fron badeland.
- Avslutningsfest på eftastid.
- Jevnlege faddertreff, både i barnehagen og på skulen.
- Innskriving, føresette er med på dette.
- Foreldremøte for 1.klasseforeldra/føresette på våren.

Fokus på korleis ein kan vere ein god ven, ulikskapar og at alle er verdifulle.



Lov og rammeverk

Barnehagelova regulerer alle barnehagar i Noreg og er det viktigaste styringsdokumentet vi har. Lova skal sikre barn i barnehage eit likeverdig tilbod av god kvalitet og med tilpassa opplæring. Den set mål barnehagen skal arbeide med i kvardagen. Nytt i lova frå 1.1.2021 er at barnehagar i Noreg no har fått aktivitetsplikt som skal sikre alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle tilsette har ansvar for dette og skal melde frå til styrar om dei får kjennskap til, eller mistanke om at barn opplev krenking og mobbing i barnehagen. Det skal lagast skriftleg plan med tiltak der dette blir vurdert som naudsynt og føresette skal involverast raskt.

Rammeplan for barnehagen har status som forskrift til barnehagelova og er forpliktande for oss som arbeider i barnehage. Den gjev informasjon til føresette om kva de kan forvente av barnehagetilbodet og skal vere eit reiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering for ansatte.

Alle som arbeider i Liene barnehage har teieplikt etter paragraf 20 i Barnehagelova og paragraf 13-13f i Forvaltningslova. Teieplikta inneber at ingen andre enn dei det gjeld har kjennskap eller tilgang til nokon sine personlege forhold. Med dette menes blant anna opplysningar om fysisk og psykisk helse, familie- og heime situasjon, bo-forhold, økonomi eller klientforhold til det offentlege.


Tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barneverntenesta. Tilsette i barnehage skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, samt vite korleis ein kan oppdage dette. I §22 i barnehagelova står det om opplysningsplikt: *Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksam på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten.*



Årshjul/viktige datoar

August: Planleggingsdag – 12. og 13. Oppstartssamtaler Overgangssamtale ved behov	September: Foreldremøte – 23. Brannvernveke – 38.
Oktober: Foreldresamtaler Fellessamling: 25. Kroken ansvar. Nasjonaldag Tyrkia – 29.	November: Foreldresamtaler Felles adventssamling – 29. Toppen ansvar. Nasjonaldag Polen – 11. Nasjonaldag Latvia – 18. Planleggingsdag – 26. Nasjonaldag Albania – 28. Markerer 29.
Desember: Felles adventssamlingar – 6. Svingen ansvar, 13. Plassen ansvar og 20. Snippen ansvar. Julebord på kvar avdeling Luciatog – 13. Ved barna på Kroken. Nasjonaldag Kenya – 11. Markerer 10. Nisselfest – 20. Kroken ansvar. Juletrefest – Arrangør FAU Besøk av menighetspedagog – dato kjem.	Januar: Planleggingsdag – 3. Pysjfest – 24. Toppen ansvar. Fellessamling – 31. Plassen ansvar.
Februar: Samefolkets dag – 6. Markerer 7. Nasjonaldagen Litauen – 16. Solfest – 21. Svingen ansvar.	Mars: Barnesamtaler Barnehagedagen – 15. Fellessamling – 28. Snippen ansvar.
April: Påskekaffe – 7. Besøk av menighetspedagog – dato kjem. Barnesamtaler Foreldresamtaler Fellessamling – 25. Kroken ansvar.	Mai: Trafikkveke – 18. Foreldresamtaler/overgangssamtaler Planleggingsdag – 16.mai. Nasjonaldagen Eritrea – 24. Fellessamling – 30. Toppen ansvar.
Juni: Sommarfest – dato kjem. Nasjonaldag Russland – 12. Markerer 13. Foreldremøte for nye foreldre Besøksdag	Juli: Sommerbarnehage i Harpefoss barnehage.

Vi tek etterhald om endringer når det kjem til fellesarrangement. Dette avhenger om vi er på raudt, gult eller grønt nivå.



Barnehagen er stengt i romjula og påske.

Planleggingsdagane dette barnehageåret er 12. og 13. august, 26.november, 3.januar og 16.mai.



Telefonnummer

PLASSEN: 415 49 618

SNIPPEN: 991 51 962

SVINGEN: 415 48 156

KROKEN: 957 83 080

TOPPEN: 957 83 035

STYRAR: 977 19 441



Årsplan godkjent av SU 14.09.2021

